

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 02.11.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
119/21	Utval for næringsutvikling og drift	10.11.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Lekekista Øvretveit - Søknad om midler for å fremme vekst av nettbutikk med salg av leketøy og spill

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Søknad om midler for å fremme vekst av nettbutikk med salg av leketøy og spill* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringsutvikling og drift 10.11.2021:

Handsaming:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 119/21 Vedtak:

Prosjektet *Søknad om midler for å fremme vekst av nettbutikk med salg av leketøy og spill* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Lekekista er eit einpersonsforetak. Bransje: 47.919 Postordre-/Internetthandel med annet spesialisert vareutvalg. Registrert 16.10.2020. Kjelde: proff.no.

Saksopplysningar:

Lekekista er ein nettbutikk med sal av leikar og spel for barn i alle aldrar, som har som mål og vere blant dei rimelegaste blant tilbydarane. Nettbutikken opplever at det er ein marknad for dette, og at dei klarar å vere konkurransedyktig på pris på store delar av sortimentet i dag.

Om prosjektet

Det er søkt om prosjektmidlar til innkjøp av produkt, fraktkostnader og marknadsføring. Ifølge kostnadsplanen har dei planar om å bruke kr 750 000 til innkjøp av produkt, kr 40 000 til frakt og kr 60 000 til marknadsføring.

Prosjektleveranse/Målsetting

Mål framover er å auke utval og lagerbeholdning. På sikt vil dei auke lagerarealet slik at dei kan ta inn større parti og oppnå betre innkjøpsprisar, og framover vil dei auke budsjettet for marknadsføring for å få ein større kundemasse.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Søknad om støtte for Lekekista	850 000	200 000	0

Vurdering

Søknadar til næringsfondet i Alver blir vurdert ut frå føremål og målsettingar i vedtektene. Det blir gjort ei heilskapleg skjønsvurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til vekst, innovasjon og auka sysselsetting i kommunen. I tillegg blir det lagt vekt på at det er avgrensa med midlar i fondet. Det kjem også fram av vedtektene pkt. 6.4. at stønad ikkje skal nyttast til ordinære driftkostnader.

Søknad om støtte til innkjøp får ikkje tildelt økonomisk støtte frå næringsfondet. Denne avgjerda er gjort ut frå ei totalvurdering av prosjektet.

Vedlegg i saken:

03.11.2021 Lekekista, søknadsskjema

1635124